

Kultur og Kunnskapsløftet



Digitale læringsressursar frå arkiv, bibliotek og museum

3. og 4. mai 2007
Rica Sunnfjord Hotel
Førde

Målgruppe: Politikerar, leiarar og tilsette i skulesektoren og
kulturektoren/ABM.

Konferansen vert arrangert i samarbeid mellom ABM utvikling, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.



Torsdag 3. mai 2007

Kl 09.00: **Registrering. Kaffi og rundstykke**

Kl 10 00: **Velkommen.** Ved Norvall Nøringset, Leiar i Hovudutvalet for kultur i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kl 10 20: **Kunnskapsløftet. Kultur og digital læring.** Korleis gjera seg nytte av lokale læringsressursar? Om læreplanen for grunnskule og vidaregåande opplæring og kva den seier om å ta i bruk digitale verktøy og læringsmåtar. *Ingvar Laberg, Studieleiar, Høgskulen i Sogn og Fjordane*

Kl 10 40: **Nettbasert kulturformidling. Status og planar.** *Lars Egeland, Avdelingsdirektør ved informasjonsavdelinga, Statens senter for arkiv, bibliotek og museum*

Kl 11 00: **Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i Sogn og Fjordane.** *Gunnar Urtegaard, Fylkesarkivar, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*

Kl 11 15: **Skulestova.no** Nettstad for digitale læringsressursar frå kultursektoren i Sogn og Fjordane. *Bjarnhild Samland, Prosjektkoordinator, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane*

Kl 11 30: **Using online access to bring the cultural sector into the classroom - a UK perspective.** Bruk av Internett som formidlingskanal til skuleverket i Storbritannia. Presentasjon av *Learning Curve* som er ein kjend prisbelønna nettstad med digitale læringsressursar som tek utgangspunkt i historiske kjelder. *Andrew Payne, Utdanningsdirektør, National Archives i Storbritannia*

Kl 12 15: **Lunsj**

Kl 13 15: **Skulen og kjelder til kulturarven på Internett. Stockholmskällan - eit døme.** Om Stockholmskällan som er ein nettstad utvikla av arkiv, bibliotek og museum i Stockholm. *Mats Hayden, Registreringssamordnar, Stockholms stadsarkiv*

Kl 14 00: **Vegen til born sitt hjarte. Går den gjennom Internett?** Høyr om bakgrunn, utvikling og innhald i *Lesehulen* – ein nettstad som gjennom lyd, bilete, enkle animasjonar og aktivitetar freistar born til bokhyllene. *Anne Kari Holm, Leiar ved skuleavdelinga, Deichmanske bibliotek*

Kl 14 30: **Tilbygningen - ei virtuell utviding av ein freda museumsbygning.** *Tilbygningen* er ei avdeling av Thorvaldsens museum i København der Internett vert nytta som verktøy i formidlingsarbeidet, til dømes ved at skuleelevar kan presentere sine tolkingar av kunst på museet sine nettsider. *Nana Bernhardt, Museumspedagog, Thorvaldsens museum i Danmark*

Kl 15 15: **Pause**

Kl 15 30 : **Digital husmannshistorie i undervisningsprosjekt om "Bygda Vår".** Erfaringar frå eit arkiv- og skuleprosjekt for 8. klasse. *Marit Hosar, Arkivleiar, Opplandsarkivet avd. Maihaugen*

Kl 16 00: **"polarhistorie.no mellom skulen og offentlegheita".** *polarhistorie.no* er ein nettstad som gir kunnskap om polarhistorie til bruk i skulen. Den vert opna i 2007. *Stian Bones, Prosjektleiar, Universitetet i Tromsø*

Kl 16 30: **Eydehavnportalen: Industrihistorie gjennom 100 år - eit nettbasert speglbilete av nasjonal og lokal industrihistorie og velferdsutvikling.** Nettstad der kjelder til industrihistorie vert gjort tilgjengeleg for skuleverket. *Brit Østerud, Nettansvarleg, Aust-Agder historiske senter*

Kl 17 00: **Avslutning**

Kl 19 00: **Middag.** Kulturelt innslag

Fredag 4. mai

Kl 08 30: **God Morgon!**

Kl 08 40: **Lokalmiljøet som ressurs for undervisning, læring og kunnskap.** Lokalmiljøet er ein viktig læringsarena med tanke på utvikling av identitet, kunnskap og kompetanse. Lokalbaset læring kan gi overordna perspektiv på heilskap og samanheng, og opne for differensierte lærings situasjonar. *Kjell Fossen, Førsteamanuensis, Universitetet i Bergen*

Kl 09 10: **Digitalt kompetanseløft. Kva er digital kompetanse?** Om utvikling av digital kompetanse i skulen og døme på digitale læringsressursar. *Morten Søby, Leiar for ITU, Forsknings- og kompetansenettverk for IT i utdanning, Universitetet i Oslo*

Kl 0940: **Geoatlas. Kulturarv og kartbasert barnearbeid.** Kulturhistorie, geografi og teknologi som katalysator for tverrfagleg læring i grunnskule og vidaregåande skule. *Runar Berghheim, Dagleg leiar, Asplan Viak Internet*

Kl 10 00: **Pause**

Kl 10 15: **Grunnleggjande dugleik og dokumentasjon gjennom Geoatlas.** Korleis kan skulen ved hjelp av Geoatlas vere ein nyttig medspelar i arbeidet med å ta vare på/dokumentere og syne viktige sider ved lokal natur og kultur. *Håkon Haukøy, Lærar, Hyllestad skule*

Kl 10 30: **Geoatlas i praksis.** Eit døme frå Fresvik skule som syner korleis Geoatlas kan nyttast i praksis. *Rektor Bjarne Bjørkevoll, Fresvik skule*

Kl 10 45: **Digitale læringsressursar - berre for cyber-lærarar?** Om faglig-didaktisk tenking bak utvikling av digitale læringsressursar med nettstadane samisk historie og samisk folkediktning som konkrete døme. *Arnfinn Olsen og Ardis Ronte Eriksen, lærarar ved Skånland vidaregåande skole*

Kl 11 15: **Sophusportalen - digitale læringsressursar på nett.** *Sophusportalen*, nettstad for samling og utveksling av læringsressursar i skular og barnehagar i Nordfjord. *Jarle Tvinnereim, Rådmann, Hornindal kommune, og Arne P. Sunde, Avdelingsleiar, Stryn kultur- og skulekontor.*

Kl 11 45: **Lunsj**

Kl 12 45: **Felles dugnad i utdanningssektoren for enklare å finne igjen digitale læremiddel.** Presentasjon av *utdanning.no* si samling av ressursar. *Trond Hansen, Utviklar, Utdanning.no*

Kl 13 20: **MultiMedia Lab – eit program for Kunnskapsløftet!** Ei løysing for den 5. ferdigheit – "kunnskap om og bruk av digitale verktøy"! Korleis lage og distribuere til kvarandre: digitale presentasjonar, oppgåver, e-læringsopplegg m.m. Eit digitalt verktøy som elevane kan trene og bruke når dei måtte ønskje – på linje med ressursane for dei andre 4 ferdigheitene i Kunnskapsløftet. *Bernt Pedersen, Microdaisy*

Kl 13 50: **"Må me læra oss å skriva på nytt?"** Foredraget tek opp korleis internettet tvingar oss til å tenkja og skriva annleis enn me er vane med, og gjev døme på både vellukka og mislukka formidling på nett. *Jan Olav Fretland, Førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane*

Kl 14 20: **Avslutning.**

God helg og vel heim!

Hovudmål: Gjennom å vise noko av det utvalet av digitale læringsressursar som kan nyttast i skulen ønskjer me å synleggjere korleis nettbaserte tenester frå kultursektoren kan vere ein reiskap for skuleverket. Me ønskjer å motivere til utvikling og utveksling av digitale læringsressurar mellom målgruppene. Ikkje minst vil me sjå dette i lys av Kunnskapsløftet, læreplanen for grunnskule og vidaregåande opplæring.

Bakgrunn: ABM - utvikling peika i 2005 ut Sogn og Fjordane som prøveregion for nettbasert kultur- og kunnskapsformidling. Målet med prosjektet er å finne ein best mogeleg regional praksis for nettbasert formidling frå arkiv, bibliotek og museum. Grunnskulane og dei vidaregåande skulane i fylket er ei viktig målgruppe i denne samanhengen. Prosjektet varer ut 2007.

Konferansen **Kultur og Kunnskapsløftet**

Stad: Rica Sunnfjord Hotel, Storehagen 2, Førde, Sogn og Fjordane, tlf +47 57 83 40 00

Tid: 3.-4. mai 2007

Påmelding: Via internett www.fylkesarkiv.no

Her kan du også bestille reise og opphald.

Prisar: Pris inkludert overnatting to netter i enkeltrom og fullpensjon er 3390. Inkludert overnatting to netter i dobbeltrom og full pensjon: 3070. Overnatting ei natt er høvesvis 2390 og 2230. Ikkje buande, inkludert middag og underhaldning: 2240. Ikkjebuande utan middag og underhaldning: 1880.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane på e-post postmottak.sffarkiv@sfj.no eller på telefon +47 57 65 61 00. Kontaktperson: Bjarnhild Samland

Dersom du har spørsmål om reisetenester, kontakt Fjordane Reisebyrå på tlf +47 57 72 50 70 eller på e-post fjordane@travelnet.no

Biletet på framsida er frå ei skulestove i Gjemnes kommune. Fotografen er ukjend. Eigar: FylkesFOTOarkivet i Møre og Romsdal.